



# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 4

APRIL 1976

25. årgang

*kom som du er*

vi stanser bilene  
slipper opp rullegardinene  
samler oss i gatene  
studenter og rørleggere  
husmødre og sokneprester  
alle som en  
løfter vi blikket  
fra den støvete gaten  
roper så det gjaller  
mellom murveggene  
han vant  
vi har vunnet

herre  
der sitter en middelaldrende dame

med brunkrem og pudder  
i sitt halvfete ansikt  
døde du også for henne?  
og der herre  
en ung gutt i US-army jakke  
hvis han tok frem en sprøyte  
brettet opp jakkeemet

og gav seg selv en dose  
ville han samtidig stikke  
sprøyten inn i din arm  
herre?

du  
med bødlenes spytt på din panne  
du  
som frikjenner forbryteren  
og gir flykningen et nytt fedreland

vi  
all verdens  
krøplinger forbrytere  
åndsvake og forlatte  
priser deg

du  
som en dag steg inn  
i våre slumkvarter  
sykehussaler  
og ensomme fengsler  
med et brennende stearinlys  
ubeskyltet i hånden

født for å dø  
med smerte i blikket  
for at alle jordens døende  
skal gjenfinne sin smerte  
i hans blikk

(Skeie og Schei)


No bryt med velde  
Guds son or gravi fram.  
Vår fiend felde  
det dyre offerlam.  
Han greidde prøva  
på krossens store dag,  
han helheim røva,  
vår død leid nederlag.  
Ja, Juda løva.  
ho vann det store slag

Det knast og knaka  
då Kristus Satan slog.  
Det brast og braka  
då han vår fiend vog.  
Der møtte døden  
sin sterke overmann.  
Han bøtte brøden  
då hjarteblodet rann.  
I morgonrøden  
han veldig siger vann.

Sjå lyset strøymer  
og vell ut over jord,  
og livet fløymer,  
og gledeliljer gror.  
Tørk vekk di tåra,  
din frelsar striden vann,  
den synd som dåra  
og drap, den sona han,  
den tagg so såra,  
han braut med blodig hand.

No kan du kvila  
på trygg og fullgod grunn.  
Du tarv'kje tvila  
i påskemorgonstund!  
Gud Son har vunne,  
vår verd er vorten ny,  
ei sol har runne,  
som sprengjer svartast sky.  
Snart har me funne  
eit evig morgongry.

(Trygve Bjerkrheim)



## Bøn - Tillit - Teneste - Håp

### Døpte

#### Orkland.

7. 3: Tore Sinnes  
Linda Renate Staveli

#### Orkdal

29. 2: Ann Kristin Haugnes  
Svein Olav Huseby  
Roger Andre Reinaas

14. 3: Elin Anita Sørli  
Monica Kvaale

#### Orkanger.

22. 2: Roger Andre Hansen  
Trond Vegar Karlisen

13. 3: Eva Røhmesmo



### Vigde

#### Orkdal.

6. 3: Kjell Lynum og  
Evo Bodil Sommervold  
Arne Olav Dørdal og  
Eva Kristin Dyrseth  
Einar Roger Hansen og Ase Grande

#### Orkanger.

28. 2: Stein Haugnes og  
Toril Prestmo  
13. 3: Rolf Arne Gjeitsund og  
Solfrid Aarlund



### Døde

#### Orkdal.

19. 2: Birger Snøsen f. 1922  
20. 2: Olina Wiggen f. 1907  
25. 2: Ingvald Fergestad f. 1891  
26. 2: Johanna Lefstadaune f. 1892

#### Orkanger.

10. 3: Bernt Gunerius Sæther f. 1907  
11. 3: Petra Sivertsen f. 1899

Herre lær du meg å beda  
Slik som du har tenkt og vil  
Gjev meg anden frå det høge  
gjev meg tru og von dertil.

Gjev meg kraft i tunge tider  
leid meg du på himmelveg  
Lær du meg å hata synda  
Så eg meir kan elska deg.

Jesus hjelp meg når eg freistas  
til å vera meir på vakt  
Lat meg alltid då få hugsa  
då mi synd på deg vart lagt.

Lat meg alltid hjå deg vera  
kvar ei stund på denne jord  
Sjolv når satan til meg kviskrar  
og vil frista med dit ord.

Lat meg alltid Herre Jesus  
halda fast ved ordet dit  
Sjolv når fristaren meg lokka  
vil forføra barnet ditt.

Gjer meg kravfull mot meg sjolv  
gjeva nesten hjelpsam arm  
Sjolv mot dei som er mot meg  
møta dei med kjærleik varm.

Lær meg krossen villig bera  
som på meg kan verta lagt  
Gjev meg tolmuds store gåva  
støla fullt på Herrens makt.

Lat meg kvila ved dit hjarta  
Herre Gud og Frelsarmann  
Lat meg kjenna på mit hovud  
di velsigna kjære hand.

Takk for løftene du gav oss  
då du vandra her på jord  
Alltid vil eg ha dei med meg  
Evig er ditt løftes ord.

Høyr du kjære, kjære Jesus  
barnet ditt si kjære bøn  
Slik at eg når strid er omme  
kruna får av deg i løn.

O. L.

(Dette gode diktet har vi fått til-  
sendt frå eit menighetslem i dalføret)

### SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.  
EI KIRKESAK FOR ALLE  
I ORKDAL.

### M. Aldén

Orkanger

DAGLIGVARER

### S. Sandgrind

Orkanger

Alt i kjøkkenutstyr,  
jernvarer og  
verktøy.

### PRESTEKONTORET

Den Gode Hyrdes kapell.  
Tirsdag kl. 17 - 19  
Torsdag kl. 18 - 19  
Fredag kl. 08 - 10

Skotøy for  
hele familien

### Ingvald Solbu eftf.

Spesialforretning i skotøy  
Tlf. 80 116 — Orkanger

Godt utvalg i  
babyutstyr

Pene dåpskjoler  
til utlån

### Harald Hukkelås

Orkanger.

## MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:  
Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel  
Agnes Singstad

Redaktør: Inge Eidhamar.

Annonser:  
Sigmund Haugset.

Kasserar:  
Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

## Ver ikkje redd for det du skal lide!

Overskrifta er eit bibelord frå Johannes åpenberring 2, 10. Almenreligiøsitet eller lagnadstru kan ikkje kome fram til ein slik djuptenkt konklusjon. Grunnlaget for utsegna ligg i utgangspunktet: Dette seier han som var død, og er blitt levande. Med ei innlevd kristentru kan ein ta trøsta til seg: Ver ikkje redd for det du skal lide! for sigerherren over alt det onde er med. Han som til og med batt dødens makter.

Mange kjempar med liding. Både kropp og sjel må bere tunge bærer. Noen synest å ha det så umenneskeleg tungt. Kristen-tru betyr ikkje at ein fluksens skal bli psykisk og kroppsleg frisk, eller at ein skal bli fri alt som heiter nervar og utolmod. Men likevel kan den veldige krafta av ordet opplevast: Ver ikkje redd for det du skal lide! For eg, den medlidande Jesus, er med.

Vi opplever stendig styrken i den kristne trusovertyding hos sjuke medvandrarar. Lidinga har lutra trua. Ofte får eg som er frisk nytte overskotet av djupe trusrøynslar hos desse.

Ingen ting har styrkt trua mi som fellesskapet med sjuke og døande kristne. Døra til himmelriket er slått på gløtt, og ein får sjå litt av Gudsglansen. Lidande medkristne har hjulpet ei arm prestesjel til å forkynne evangeliet om Guds rike med frimod og kraft.

## Utgravningene på Valstad i Orkdal 1957

Jeg viser til deres brev.

Det er riktig at jeg forestod den ovenfor nevnte utgravning. Den ble i sin tid bekostet av kommunen etter at det var innrapportert funn av ei røys på Valstad og at det kunne dreie seg om et gravanlegg.

I min rapport om undersøkelsen står det bl.a. følgende:

«Ved undersøkelsens begynnelse var området nylig slått, og en kunne da for første gang se noenlunde omrisset av anlegget. Dette var meget utflytende og det var intet som kunne minne om noen haug. En satte likevel i gang og la flere søkesjakter gjennom forhøyningen. En fant da flere steinsamlinger som innbyrdes var temmelig like, ca. 2 × 1 m og ca. 1 m dyp. Av snittet kunne en se at det var gravet et rektangulært hull i jorda, som var fylt med ren kuppelstein og med et forholdsvis tynt jordlag over.

I alt ble 4 slike steinsamlinger lokalisert. Tre av disse lå parallelt med hverandre, mens den fjerde lå i linje med den ytterste. Innbyrdes avstand mellom de enkelte samlinger var ca. 2 m.

Hensikten med disse samlinger er uviss. Tanken om et gravanlegg eller fortidsminne må dog avskrives. Antakelig er den beste og mulig riktigste forklaring at disse steinsamlingene har utgjort et fundament for et anlegg som har ligget over jorden, t.e.k.s. et hus eller lignende. Funn som kunne gi opplysninger om dette, ble imidlertid ikke gjort. Da gravningen derfor ikke kunne gi nærmere opplysninger, ble denne innstilt som hensiktsløs.»

I forbindelse med utgravningene ble vi besøkt av en journalist som bl.a. spurte om det anlegget som altså hadde ligget over jorden, ikke kunne ha vært en kirke. Det fantes visstnok sagn i området som hadde brakt ham på tanken. Ettersom våre undersøkelser ikke hadde gitt noen bidrag som kunne avgjøre hva slags fundamenter vi hadde avdekket, måtte man jo også stå temmelig fritt i å tolke dem.

Det er antakelig dette som har ført til en nyere sagndannelse om kirke-tuft på Valstad. Jeg husker i allefall at saken den gang ble berørt av flere.

En kan imidlertid trygt slå fast at vår utgravning ikke ga noe holdpunkt for bestemmelse av det anlegget

som hadde vært under jorden. Hadde det ligget en middelalderkirke på stedet, burde den også vært omtalt i noen litterære kilder, men jeg kan ikke finne noen slik omtale, og finner det derfor lite sannsynlig.

Med beste hilsen

Fredrik Gaustad  
konservator

(Til kyrkjejubileet i fjor fekk vi ovanstående utgreiing frå Antikvarisk avdeling — Universitetet i Tr.heim. P.g.a. diskusjonen omkring dette, trur vi mange er interessert i utgreiinga).

## NMS-nytt

Orkdal Misjonsforening for Det Norske Misjonsselskap, som i år kan feire 120 årsjubileum, holdt sitt årsmøte i Stokkhaugen bedehus 29. febr. Det var godt oppmøte av trofaste misjonsvenner tross dårlig vær og føreforhold. Form.: R. Halgunset ønsket velkommen. Kretssekr. Sverre Røvik tok forsamlingen med en tur til misjonsmarka, og vi fikk høre hva Gud gjennom sine vitner hadde fått utretta derute, Store ting. Men han nevnte også at det ikke hadde vært uten smerte for våre misjonærer, mange har ofret sitt liv der ute, men kallet var mottatt og utført, og retferdighetens krans venter dem på oppstandelsens morgen. Stor ting er gjort, men enda er oppgavene mange og Guds ærend har hast, så vi må arbeide mens det er dag og dørene åpne.

Det var valg på 4 nye styremedlemmer valgt ble: Jostein Dalen, Agnes Singstad, Johan Hukkelås og Gunnar Rian.

Regnskapet viste at det i Orkdal er innkommet til N.M.S. i 1975 kr. 61.317,— en stigning på kr. 12.163,— fra forrige år.

Sekr. Ottar Hyldmo avsluttet det trivelige møtet. Astri og Jorun gledet oss med sang.

ags

### Eldres hyggetime

blir det igjen på Svorkmo misjonshus  
onsdag 7. april kl. 11.

## MONRAD NORDERVAL SUTLAUSE MOR

I dag skal det ropast eit dømande ord i verda ut.

Når blodet renn over heile vår jord for sabel og krut, er skulda di, du sutlause mor som sveik din gut.

Du skulle ha sådd i hans grornæme sinn

den gode sæd, til livsens stordom ha leidd han inn og sjølv gjenge med opp på den høge, heilage tind til vidsyn og fred.

Du kunne ha skapt i den mjuke leir din beste draum.

Du kunne ha gjeve han enno meir: din kjærleiks flaum og styrkt hans røter mot stormande veir i iskalde straum.

Du skulle ha gjort din heim til ein stad for lukke og fryd.

Ditt barn skulle sjå deg smilande glad, ditt auges blygd skulle kvar dag på dei uskrivne blad spegla di dygd.

Du skulle ha teke di dotter ved hand og lært henne vel mot mørkheims makter å halde stand. Hennar fine sjel du skulle i reinleikens lyse land gjort fri og sæl.

Sutlause mor som forrådde ditt kall i lettsinn og lyst.

Du skein som ei sol på strålande ball, men kaldt var ditt bryst. Kva under at barnet ditt sidan fall i livsens dyst?

Sutlause mor forsømte di tid i liksæl ro,

då du skulle stridd den gode strid og hausta no.

Det finst ikkje nåde, det gjevst ikkje grid - no flyt det blod.

Det kravfulle sinnet du elska fram, no krev det alt.

Det dyr du let leve i menneskeham, no drep det kaldt.

Den drift du let ovre seg utan skam, hev dødsvegen valt.

Som du er, skal framtida verta slutt i siger og fall.

Om søner skal ofrast for kuler og krutt,

om leve dei skal i andens sysler, er førebutt av ditt moders-kall.

## Dåpssakramentet etter Luthers lille katekisme:

**Kva er dåpen?**

Dåpen er ikkje berre vatn. Han er vatn som er helga ved Guds bod og sameint med Guds ord.

**Kva er Guds ord og bod om dåpen?**

Vår herre Jesus Kristus seier:

Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå då ut og gjer alle folka til læresveinar, med di de døyper dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alla dagar så lenge verda står. Matt. 28, 18 - 20.

**Kva gagn har vi av dåpen?**

Dåpen verkar forlating for syndene, frelser frå døden og djevelen, og gjev æveleg sæle til alle som trur. Detter er Guds ord og lovnad.

**Korleis lyder Guds ord?**

Vår herre Jesus Kristus seier:

Den som trur og blir døypt, skal bli frelst, men den som ikkje trur, skal bli fordømd. Mark. 16. 16.

**Korleis kan vatn gjera så store ting?**

Vatn gjer det ikkje, men Guds ord som er sameint med vatnet, og trua som lit trygt på dette ordet. Utan Guds ord er vatnet berre vatn og ingen dåp, men med Guds ord er det ein dåp, eit nåderikt bad til atterfødning ved Den Heilage Ande.

**Kvar står ret skrive?**

Apostelen Paulus sier at Gud frelste oss ved badet til atterfødning og oppnying ved Den Heilage Ande. Tit. 3, 5.  
**Kva tyder det å bli døypt med vatn?**

Det tyder at den gamle Adam i oss skal druknast ved dagleg anger og bot og døy med alle synder og vonde lyster, og at eit nytt menneske dagleg skal stiga fram og leva æveleg for Gud i rettferd og reinleik.

**Kvar står det skrive?**

Apostelen Paulus sier at i dåpen var vi gravlagde med Kristus, og så skal vi og leva eit nytt liv med ham, slik som Kristus vart reist opp frå dei døde. Rom. 6, 4.

T  
O  
P  
P  
S  
T  
A  
N  
D  
E  
N  
E



## Generalsekretær Alfild Brevig festtalar på menighetskveld i Orkland

På menighetens årsfest på Svorkmo misjonshus søndag 4. april kl. 19 vil generalsekretær, pastor Alfild Brevig vere festtalar og orrienterer om arbeidet blant einslege. Alfild Brevig er også formann i hovudstyret for Ensliges Landsforbund. Ho har gjort eit banebrytande arbeid for dei einslege på det politiske, sosiale og religiøse plan. Mellom anna har ho kjempa for skikkelege butilhøve for einslege. For arbeidet sitt har ho fått St. Olavsorden. Mange kjenner henne sikkert også frå gode intervjuprogram i TV eller frå andaktene i radio.

Vi vil gjerne denne kvelden la dei einslege sine forhold stå i forgrunnen. Festen er sjøvsagt åpen for folk frå dei andre sokna i prestegjeldet også. Vi trur at dei einslege sin situasjon er alt for lite gjennomtenkt. Denne kvelden skal vere ein solid oppstart for å få oss til å tenkje nye tankar omkring dette. Ansvar for opplegget er lagt i dei beste hender. Vi reknar med at søndag 4. april kjem til å sette spor etter seg i Orkdal prestegjeld.

Vi reknar også som vanleg med Orkland mannskor på menighetens årsfest. Det blir lagt fram årsmelding og rekneskap for menigheten. Som før nemnt skal det veljast utsendingar til bispedømemøtet i Molde i slutten av mai.

HUGS 4. APRIL KL. 19.00.

### Stor prosent einslege

Ein stor prosent i menighetene våre er einslege. Når alt kjem til stykke sikkert omkring 50% av dei vaksne. Har vi tenkt over det. Det gjeld ungdommar over konfirmasjonsalder, middelaldra og eldre som ikkje har stifta ekteskap, og alle dei som har mista ektemaken sin. I framferd, planlegging, skrift og tale optrer samfunnet som om alle skulle leve i ekteskap. Ein stor prosent menneske gjer det ikkje. Ein kan til dømes spørje: Ville vårt samfunn vere muleg utan dei einslege sin innsats? Alfild Brevig snakkar ofte om: «Den hellige enslige stand.» Vi viser også til boka hennar: «Enslig i dagens samfunn».

## Den enslige stand

Det er høyst naturleg å nevne den enslige stand også i en artikkel. Ofte hører vi at det blir sagt: «Det blir nok bedre med ham når han blir gift». «Hun roer seg nok når hun bare finner seg en eller annen».

Altfor ofte tror vi at et ekteskap er løsningen på konflikter og problemer som har med menneskenes identitet å gjøre. Et menneske som strever med å finne seg selv og bli klar over sitt forhold til Gud, sin plass i verden, kan ikke skyve dette fra seg ved å gifte seg. Det blir bare at nissen flytter med på lasset. En kan ikke straffet la uløste problemer ligge å gjære i underbevisstheten.

Nå er det naturligvis ingen som gifter seg som ikke har vanskeligheter på en eller annen måte. Men det er uhyre viktig å bli klar over sine motiver. Gifter jeg meg for å slippe unna et eller annet? Skulle jeg egentlig ha fullført den utdannelsen, det arbeidet. Skulle jeg ha oppsøkt en prest og snakket med ham om mine tvil? Skulle jeg ha søkt hjelp hos en psykiater?

For ethvert menneske gjelder det at det er bedre å ha funnet en mening med livet, f.eks. en oppgave en skal utføre. Dette er viktigere enn «å bli gift». Svært ofte kan det kombineres, men ikke alltid. Mange gir avkall på sin overbevisning når de gifter seg, de klarer ikke å være sannheten tro i kjærlighet. Kjærligheten blir konturløs, til slutt en kosementalitet.

Den enslige stand, om det er aldri så vanskelig å leve alene, vil likevel være bedre enn å gi opp sin tro, sin følelse av å ha et kall. Den enslige stand har krav på større «prestisje» enn vi gir den. Noen har valgt bevisst ikke å gifte seg, for andre ble det bare slik. Men la oss slå fast, det er fullverdige liv å leve alene — i innsats for noe man tror på eller er engasjert i.

I vår opphetede tid, seksuelt sett er det for mange en nesten absurd tanke. Men enda finnes det mange som ønsker seg alt eller intet. Ikke tilfeldig erotikk hvor man måtte finne den. Heller ikke det nestbeste. Som tror at et seksuelt samliv er kronen på verket for to som ellers er på bølgelengde med hverandre.

Maja Osberg.

(Våler menighetsblad)



**Sokneprest Kaare Rogstad** er sjukepermittert, og blir det truleg ut april månad. I hans stad vikarierer sokneprest Ola Rise, Rennebu.

### Menighetens årsfest

på Orkanger blei ei triveleg oppleving. Gamlepresten Olav Olsen tok oss med til Insbruck og London humørfyllt og glad. Årsmeldinga peika m.a. på det store saknet det var for menigheten at ein ikkje hadde hus til å drive skikkeleg miljøarbeid i. Men ellers var meldinga skriven i ein positiv tone, m.a. gledde ein seg over auka kyrkje-søking. Det er tegn som tyder på at det er i ferd med å skje gode ting i menighetslivet på Orkanger.

### Innsamlinga

til Søvasskjølen fjellkyrkje går sin gang. Dei innsamlarane vi har snakka med har svært positive røynslar. Beste resultat hittil er Vormstad med 40 kr. pr. konvolutt. Innsamlinga bør vere avslutta før påske.

### Debukonsert

blir det i Svorkmo misjonshus søndag 2. mai kl. 20. Orkland kyrkjes barnekor og Orkland kyrkjes blokkfløyteorkester opptreir då for første gong. Vi gler oss.

### Vi minner igjen om konfirmasjonsdagane:

Orkdal 2. mai, Orkanger og Geitastrand 9. mai, Orkland 30. mai.

### Trøndelag kristelege songarforbund

har storopplegg i Orkdal prestegjeld søndag 23. mai. Det blir songgudstenester i alle kyrkjene og felleskonserter om ettermiddagen.

### Kretsmøtet for Det norske misjonsselskap

for Trøndelag blir på Fannrem 13. juni. Det blir misjonsgudstenester i alle kyrkjene.

### Den Indre sjømannsmisjon

har også kretsmøtet sitt i Orkdal. Det er den 4. juli. Det blir altså litt av ei stemmetid.

### Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00  
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00  
(Tlf. 80 450)  
Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30  
(Tlf. 82 191)  
Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30  
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer  
stengt.

### SØLVVARER

til  
BARNEDÅP BRYLLUP  
KONFIRMASJON  
Gullsmed

John  
RØHME

7300 Orkanger

### Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir  
Skolemateriell

### Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det  
gjeld trykking av blad, tids-  
skrifter, forretningstrykk  
m.m.  
Telf. og post: 7330 Svorkmo.

### 80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

Svorkmo  
Handelsamlag

## GÅVER til bladet

#### Orkland

Johanna Smedhaug 10. Berte og  
Torbj. Halvorsen 10. Inger -Johanne  
og John Elvbakken 10. John Opøien 10  
Marit Kvikne 20. Aud og Stein Bjørn  
Tinglum 20. Anne Mari og Ole By 20.

#### Utanbygds

Solbjørg og Jørleif Andøl, Heron  
Sør Dakota USA 40. Ase og Lars  
Smedhaug, Nardosletta 10. Marit  
Druglimo, Kyrksæterøra 10.

#### Orkdal

S. og I. Grønvold 10. Ruth Selbekk  
10. Anne Hoel 20. Marta Aleksander-  
sen 10. Marit K. Kvakland 10. Magn-  
hild Kurås 10. Karen og Arne Meås 30  
Anne og Dagfinn Klungervik 20. Liv  
og Karsten Hukkelås 20. Johanna og  
Ingvar Varmbo 20.

#### Orkanger

Ingeborg Soligård 10. Mary og An-  
ders Solem 20. Ole Nærvik 10. Ragna  
Sletvold 10. Gudrun Holdvakt 10.  
Gjertru Johansen 10. Aslaug Brandli  
10. Kristine Leverås 10. Tora Ebbesen  
10. Johanna M. Røhmesmo 10. Ragn-  
hild og Arne Røhmesmo 20. Sigfrid  
Mathisen 10. Ase Spjøtvold 20.

#### Orkland

Borghild og Kåre Sivertsvik 20. Anni  
og Johan Mo 10. Rannveig Tronvoll  
25. Karen og Edvin Monseth 20. Inge-  
borg Tronvoll 15. Martha Aari 10.  
Rutt Tallerås 20. Sigfrid Bevanger 10.  
Berit Haugen 20. Oddveig og Bjarne  
Vold 10. Signe Wahl 10. Astrid Ku-  
sæter 10. Aslaug Svorkmo 10. Odd-  
mund Aa 20. Erling Svorkmo 10.  
Marit Sæter 10. R. og P. Grendal 30.  
Ingeborg og John Lie 15. Målfrid og  
Henrik Hoston 20. Grethe og Georg  
Skjølberg 20. Randi og Tore Sinnes  
10. Jorunn og Kjell Asbøll 20. K. O.  
Skjølberg 15. Ingeborg og Jostein  
Brattli 20. Inga Sæther 10. Berit Re-  
sell 15. Gunvor og Jørgen Grø 15. Sig.  
Svorkdal 20.

#### ORKDAL: (Gjølme:)

Godtfred Singstad 10. Marentius  
Bjørnbeth 10. Arnt Dyndal 10. Lars  
Bonvik 20. T. Bjørklund 20. Marie og  
Arnt Dyndal 10. Anna M. Bye 15.  
Borghild Larsen 20. Marit Kvakland  
20. Marit og R. Kvernmo 20. Dorte  
Andersen 15. Birger Sletvold 10. Jarle  
Bakkhi 10. Gunvår Sletvold 10. Marta  
Knudsen 10. Sigrun Agnes 10. Ågot  
Hansen 10. Johanna og Ole Andøl 20.  
Gurine og Ole Reitan 20. Peder Aasen

20. Annar Meland 10. Magne Dørdal  
25. Gudmund Bjørnbet 15.

#### (Fannrem — Orkanger:)

M. og J. Hukkelås 20. Sivert Mæ-  
len 20. Ella Kvaale 10. Idunn og  
Einar Leland 20. Eli K. Mehli 20. Ida  
Mellingsæter 10. Arne Wormdal 20.  
Eli og Sivert Fandrem 20. Karen  
Solem 10. Martha Garberg 20. Borg-  
hild Larsen 10. Anna Thoresen 10.  
Lars J. Hoset 10. A. og E. Fagerli 10.  
Johan A. Eikli 15. Jarle Tuflått 20.  
Arnulf Kvål 30. A. B. A. G. 20. Karen  
og John M. Haugen 10.

#### (Orkdal:)

Olaug og Kåre Melby 20. John  
Wuttudal, By 10. Anne Marie og John  
Haugnes 20. Astrid og Atle Ekli 20.  
Ole M. Byamo 10. Anne og Sigurd  
Eldevik 25. J. Haugen 20. Kolbjørn  
Haugen 10. Gunnhild Aunemo 30. Jo-  
runn og John Haugen 10. Maren Brat-  
lie 10. Ingeborg og Per Solem 20.  
Gunnar Pettersen 20. Tora og Ola  
Østhus 20. Emma Østhus 10. Liv og  
Jorolf Nyborg 20. Anna Bye 10. G. og  
A. J. Sand 10. Erling og Kari 20. S. J.  
Øyum 20. Reidar Hågunset 25. Sig.  
Tuflått 10. J. Aunemo 10. A. Øya-  
sæter 25. Gunnar Gisvold 20. Lars O.  
Ustad 10. Amund og Kjellrun Fager-  
holt 20. Solv. og John Kjelstad 15.  
Inger og Ole Almli 10. Mikal Meland  
10. Gunvor og Anders Klefsås 20.  
John Rye 20. Gudrun og Alf Lysevold  
15. Erling Høston 25. Norunn og John  
Eggen 50. Sivert Metlid 20. S. Kri-  
stoffersen 20. Alvild og Torbjørn  
Engen 10. Ivar Haugen 20. John  
Haltli 10. Gunvor og Ola Kjønl 20.  
Per Kjelstad 20. Borghild og Egil  
Slørdal 20. Sverre Asbjørnslett 20. M.  
og S. Grønning 20. Osvald Karlsen 10.  
Lars Meås 30. Ole Fossbakk 30. Olav  
Krokstad 10. Dagrun og Jostein Øya-  
sæter 20. Frøydis og Trygve Sundli  
10. Marit og Alfred Lomundal 20. Inga  
og David By 20. Olav Nilsen Tuflåt  
10. Ingeborg Øren 10. John K. Forve-  
mo 10. Torleif Gjønnes 10. Kjellfrid  
og Ole Erlandsen 20. Grete og Amund  
Wormdal 25. Henrik Sørli 20. Johan  
Kvakland 20. Anne og Einar Nøsen  
20. Ola E. Sundli 10. Anders Fuglås  
20. Aore Aasbø 10. Nils Boksbu 20.  
Elsa og Audun Slørdahl 20. Aslaug  
Skaugen 10. Bernt Aunemo 10. John  
Svorkås 10. Kåre Garberg 30. Nils  
Sognli 20. Karen L. Gjønnes 10. Ellen  
M. Asbø 20. Ole Gjønnes 15. Eldbjørg  
Hodne 15. Per Forbord 10. Marie  
K. Gjønnes 20. Kåre Gjønnes 20. Rolf  
Kjelstad 15. Henriette Sæther 25.

## Ta i mot velsigninga

Disse ord blev så levende for meg en  
dag. Vår Himmelske Far står ferdig  
til å rekke oss sin velsignelse, men  
hvor ofte stenger vi ikke for den. Vi  
er ulydige når han kaller oss til å gå  
ærend for seg. Det var hans mening at  
vi skulle få en rik velsignelse, nettopp  
for denne gjerning, men vi var ulydige  
og dermed mistet vi den velsignelse  
som han hadde merket med vårt  
navn.

Har vi virkelig råd til å miste Guds  
velsignelse. Det ser ut som den teller  
så lite blandt oss i dag. Vi skyver  
oppgavene og ansvaret over på andre.  
Kanskje nettopp de Gud vilde vi  
skulde ha gjort. Hvorfor er det så  
lite varme i vårt vennsamfunn? Hvor  
er det blitt av den gamle «søsken-  
kjærligheten?».

Det hendte ofte før når noen venner  
stakk innam, at bibel og bønn var det  
første vi grep til, før kaffekoppen.  
Åndelig føde først, så en kaffetår om  
det ble tid. Vi varmet oss hos hver-  
andre, fikk ny kveik og ny kraft på  
kne for Gud. Nu har vi ikke tid.  
Knappt tid til å hilse på hverandre.

**Kontaktløshet! Tapt velsignelse:**  
Gud vilde så gjerne gi oss den, men vi  
har ikke tid. Hvor bærer det hen til  
slutt. Vi må be Gud åpne våre øyne  
for lysetaken flyttes fra oss.

Mang en stakkar som vi møter på  
vår vei mangler kontakt og hjelp.  
Kanskje de nettopp venter du og jeg  
skal rekke denne hånden. Du som med  
din munn sier du er frelst, vil du  
være med å kaste garnet ut til en  
drett, og redde en sjel. Det står noe  
om hva en sjel er verd. Mer verd enn  
hele verden, står det.

Og Frelsaren līt på deg, det veit du vel  
og derfor han bad deg å gå;  
Eg byd dykk at de om mitt rike fortel,  
som først fekk min herlegdom sjå.

ags

### MENIGHETENS ARSFEST Orkland sokn

søndag 4. 4. kl. 19 på Svork-  
søndag 4. 4. kl. 19 på  
Svorkmo misjonshus. Alf-  
hild Brevig: «Det livskraftige tre».

Orientering i tekst og bil-  
der om Ensliges Landsfor-  
bund. Årsmøtesaker. Song  
og musikk.

## Barnearbeid på Fannrem

Siste haust averterte Orkdal indre-  
misjon: «Hyggestund for 4-5 og 6  
åringar». Det synte seg snart at man-  
ge foreldre var takksame for tilbudet.  
No syner det seg at det er så mange  
born som møter fram at dei som har  
ansvaret seier dei kan ikkje ta i mot  
fleire i første omgang. Brynhild Øl-  
støren indrem. sin korttidsarbeider i  
kretsen, er ansvarleg for timane, med  
god hjelp av fru Mary Heggset frå  
Fannrem. Kvar tysdag frå kl. 10-12  
samlast 20-30 born i Megård bedehus.  
Timane går sikkert fort for dei små,  
for dei er ivrig opptekne med song,  
leik, teikning, syng og andre aktivi-  
tetar. Matpausen gjer og sitt til at  
stunda blir ein fest. Andakten er  
naturlegvis høgdepunktet. For å un-  
derstreke det som blir sagt, nyttar dei  
flanellograf og ei enkel bok, «Jesus  
boka», som kvar elev har fått.

Indrem.f. er økonomisk ansvarleg  
for drifta, så for heimane er dette eit  
gratistilbod.

Til slutt ein takk til alle som støttar  
oss — i bøn og med pengar.

G. A.

## Årsmøte i Orkdal i.m.forening

Det var ikkje nett godveret som  
lokka folk ut den kvelden Orkdal in-  
dre.m.f. hadde årsmøtet sitt, men  
blankis, vind og regn til tross var det  
mange av medlemene som fann fram  
til møtestaden, Megården bedehus.

Prost Rogstad heldt andakt. Gun-  
hild Fagerli la fram ei fyldig og god  
årsmelding. Revidert reknskap både  
for foreninga og Megård bedehus,  
vart lagt fram og godkjent.

Valet gav til resultat:  
Formann: Gerd Aamot. Nye styre-  
medl. Karen Sølberg og Sigrid Røn-  
ning.

I styret frå før: Ågot Akseth, Dag-  
ny Kvam, Josan Rise og Nils Kastås.

Etter at det var gitt ein gave til ar-  
beidet, vanka det god servering.

Ref.

### ORKDAL SOKNEPRESTKONTOR

Sokneprest OLA RISE har kontor-  
tid kvar onsdag og laurdag 10-12.  
Han kan elles treffast i telef. 26676.

## Vår vanvittige verden

India har alene flere analfabeter  
enn det samlede antall skolepliktige  
i alle industriland tilsammen.

(Beregning fra offisiell statistikk).  
Til å bekoste utdanning av disse  
menneskemasser — og til løsning av  
de uttallige andre mangelproblemer —  
har India et statsbudsjett av størrelse  
som halve New Yorks bybudsjett.

(VG Geo-tema 1972).

Den samlede offentlige u-hjelp fra  
de vestlige overflodslandene utgjorde  
i 1974 mindre enn 20 kr. året pr. per-  
son i giverlandene. Disse innbyggere  
i de rike land regner med å øke sin  
årsinntekt pr. person med ca. kr.  
50 000 pr. person fra 1970 til 1980.  
(Verdensbankens beregninger iflg. Af-  
tenposten).

I Afrika og Sør-Asia finnes 100  
millioner — et hundre millioner —  
spedalske. De fleste av dem får ingen  
behandling.

(Iflg. artikkel av Andrew M. Ka-  
marck i Norkontakt).

I Afrika syd for Sahara finnes en  
lege på 20 000 innbyggere — i Indo-  
nesia 1 lege på 48 000. (WHO). Norge  
har en lege på 740 og klager over  
legemangel.

For hver krone de rike land i 60-år-  
ene investerte i u-land, tok de 2 kro-  
ner tilbake i fortjeneste på tidligere  
investeringer. (Helge Hveem i artik-  
kel i Norkontakt).

ny livsstil



**BRØD**  
for verden

## Elseba Thomsen frå Ferøyane

Ho er 30 år, og har nett vore på sin første skitur, smiler som ein overlykkeleg tenåring og datt berre fem gonger på ein time. Det var til og med bakkar i løypa. Skia var lånte, for ein Frelsesarmekaptein er ikkje i sjefsregulativet.

Vårt intervjuobjekt er sjefen for Orkanger korps. Ho er frå Ferøyane, og det er vel hovedgrunnen til at ho ikkje blei født med ski på beina. Men likevel har ho prøvt meir av Norge enn dei fleste nordmenn på dei sju åra ho har vore i landet. Eitt år i Hammerfest, eitt i Berlevåg, eitt og eit halvt i Brandbu, Borge i Austfold og to år i Oslo. Så har ho vore på Island i eitt og eit halvt. Sist haust kom ho altså til Orkanger.

«Likar du nordmenn», spør vi utfordrande. Vi får eit smilande ja med ein gong, og ho fortel oss til og med at ho likar norsk bedre enn dansk som ho måtte lære i barneskolen. Og norsk snakkar ho både perfekt og sjarmerande.

«Skal du tilbake til Ferøyane»? er vår neste utfordring. «Ikkje utan at Frelsesarmeen sender meg dit», er det kontante svar. Ho seier vidare at ho er svært glad i Frelsesarmeen og skal bli der heile livet om Gud vil.

Nett ved overgangen til 40 timars arbeidsveke ønskjer Elseba Thomsen seg 10 dagars veke. Ho har så mye ho skulle ha nådd over. Det forstår vi så godt. Ho driv søndagsskole, har møter på Orkanger søndag kveld, festtilstelling og kvinneforening elles i veke, er på sjukehus og aldersheim, går på husbesøk til eldre og sjuke, har «utpostmøter» i Børja, Hemne, Snillfjord, Hølonda, Løkken, Berkåk og Buvika. Det er mest eit heilt bispedøme.

Korpset på Orkanger blir i år 53 år. Det er no omlag 25 aktive soldatar, men det er fleire som går på møtene. Kanskje 50 som regelvisst er innom.

Elseba Thomsen er medlem av den lutherske kyrkja på Ferøyane (Den danske folkekyrkje). «Eg ser tilbake på konfirmasjonstida mi med stor takk», seier ho. «Presten si formaning: No står du på en skiljeveg, vel den rette! sette seg fast». Elles har Frelsesarmeen vore heimen hennar heilt frå ho var liten, frå søndagsskole og barne- og ungdomsarbeid. Ei av dei som var kaptein på heimstaden hennar, Vaag, i dei første ungdoms-åra, var orkdalsjenta Marit Krok-

sæter. Så Elseba har fått ekte orkdalsimpulsar frå før.

Frelsesarmeen har eit nokså strengt dirigeringsystem. Offiserane blir flytta på både titt og ofte. Elseba Thomsen seier at ho likar dette. Om det da skulle gå tungt ein stad, så veit ein at det er ikkje ein sjøl som har funne på å dra dit. Men vi får ut av henne til slutt at på Orkanger vil ho meir enn gjerne bli eitt år til. Og eit slikt ønske har ho lov til å fremje for sjefane i Oslo.

Det synest vi må bli innvilga, for Elseba Thomsen har ei god teneste å gjennomføre på Orkanger. Ho peikar frimodig på Gudsrikevegen for ein og kvar.

Vi har i tillegg eit forslag til norrønklassane på gymnaset. Kaptein Elseba Thomsen, med sine kunnskapar i ferøyisk og islandsk, burde vere eit utsøkt intervjuobjekt i klassane.

## Kristne tar ny teknikk i bruk

«Den siste befaling» er tittelen Ungdom i Oppdrag har valgt på en helt spesiell presentasjon som i disse dager vises fra Møre og nordover. Det er første gang et så teknisk avansert Synkro Visjons-opplegg (betegnelsen for systemet) blir vist rundt omkring i Norge.

På en 8 m. lang skjerm får tilskuerne i løpet av ½ time presentert Jesu misjonsbefaling. Skjult bak skjermen befinner det seg et utall av lysbildeprosjektorer, lydutstyr, elektronisk kontrollutstyr, samt en datamaskin. Gjennom bruken av denne teknikken formidles hvordan vår verden er i ferd med å forsøples materielt og åndelig. Deretter presenteres Guds svar på disse problemene.

Serien vakte en del oppsikt da den ble presentert for misjons- og kirkeledere fra hele verden under Verdenskongressen for evangelisering i Lausanne i fjor.

Et team på 5 unge reiser med rundt på turneen. Teamet vil delta i møtene med sang og vitnesbyrd. Talere blir Arne Nordahl og Eivind Frøen.

Ungdom i Oppdrag er en bevegelse av unge mennesker som står på den Norske Kirkes bekjennelse. I samarbeide med lokale foreninger og menigheter har bevegelsen team over hele landet for å drive opplæring og evangelisering. Ved siden av dette drives også et 11 ukers evangeliseringskurs.

Møtet blir holdt på Orkdal gymnas 29. 4. kl. 19,30.

## GUDSTENER

### 4/4 Maria bodskaps dag

Orkdal kl. 11.

Familliegudstj. v. Per Fedje og sp. Rise. Offer til søndagsskolen.

### Orkanger kl. 11

Høgmesse v. res. kap. Eidhamar. Nattverd.

### 11/4 Palmesøndag

Orkland kl.11

Høgmesse v. res. kap. Eidhamar. Offer til Kirkens nødhjelp.

### Orkanger kl. 11

Høgmesse v. sp. Ola Rise. Offer til Kirkens nødhjelp.

### 15/4 Skjærtorsdag

Orkland kl. 11

Høgmesse v. Ole Bedin og sp. Ola Rise. Nattverd. Offer til Misjons-sambandet.

### Orkdal kl. 11

Høgmesse v. res. kap. Eidhamar. Nattverd. Offer til Kirkens nødhjelp.

### Orkanger aldersheim kl. 16

Nattverd-gudsteneste.

### Orkdal aldersheim kl. 16

Nattverd-gudsteneste.

### 16/4 Langfredag

Orkanger kl. 11. v. res. kap. Eidhamar

Geitastrand kl. 11. v. sp. Ola Rise. nattverd. Offer til Kirkens nødhjelp. Buss fra Husdalen.

### 18/4 1. Påskedag

Orkanger kl. 08

Ottesang v. res. kap. Eidhamar. Offer til Indremisjonen.

### Orkdal kl. 11

Høgtidsgudsteneste v. sp. Rise. Offer til menighetsfakultetet.

### Orkland kl. 11

Høgtidsgudsteneste v. res. kap. Eidhamar. Offer til Indremisjonen.

### Geitastrand kl. 15

Høgtidsgudsteneste v. sp. Rise. Offer til Santalmisjonen. Buss fra Råbygda.

### 19/4 2. Påskedag

Solsjøbygda hos Peder Grendal. Gudsteneste kl. 11. v. res. kap. Eidhamar.

### 23/4 St. Georgsdag

Orkland kl. 18. Speidargudst. v. res. kap.

### 25/4 1. s. e. påske

Orkdal kl. 11. Konfirmantsamtale

Orkland kl. 11

Høgmesse v. res. kap. Nattverd. Offer til KFUM-speidarane.

Bøssene til Kirkens Nødhjelp kan innleverast ved alle påskedagsgudstener.